

10-årig kristen grunnskule

Bryne 23. jan 2006

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Høring – Forslag om midlertidig endring av friskoleloven – stopp for godkjenning av frittstående skoler – forslag om endring i fagskoleloven

Jærtun Lutherske Friskule er ein kristen friskule på Bryne i Rogaland godkjent av Kirke- undervisnings- og forskningsdepartementet etter den gamle privatskolelova, ut frå religiøst/etisk grunnlag.

Vårt grunnleggjande syn

Me meiner heile lovforslaget må leggjast til side av departementet og ikkje sendast vidare til Stortinget.

Ynskjer regjeringa ei ny friskolelov, fylgjer dei vanlege prosedyrar for dette.

I det fylgjande vil me grunngje vårt prinsipielle synspunkt:

1. Allmenn rettkjensle

At skular som har fått godkjenning, men av ulike grunnar ikkje har kome i gang, skulle få sine godkjenningar sletta, strir mot allmenn rettkjensle og vanlege folk si oppfatning av kva det offentlege kan gjera. Særleg gjeld dette det vernet grunnlova gjev om at lover ikkje skal gjevast "tilbakeverkande kraft".

Når det gjeld godkjenningar av friskular, kjenner me ikkje til at godkjenningar har vorte trekte attende utan saklege grunnar retta mot aktuell skule. Det er difor svært overraskande at departementet foreslår slike drastiske tiltak for å oppnå regjeringa sine ynskje.

Til tross for visse signal i Soria-Moria-erklæringa om ei innstramming, og med det ei viss spenning mellom friskulefolk, er det truleg dekkande å bruka uttrykket "sjokk" då meldinga om det nye lovforslaget frå departementet vart kjent.

2. Tidlegare signal og løfte frå departementet

Gjennom både skuleeigarar og tidlegare statsråd Clemet er me gjort kjende med at departementet tidlegare har sagt at det ikkje er råd å trekkja godkjenningar attende.

Vert dette likevel gjort, vil dette undergrava tilliten til lovgjevar og forvaltning og skapa utryggleik og gjera det vanskelegare å planleggja for aktørar innanfor ulike samfunnsfelt i landet vårt.

Jærtun Lutherske Friskule
Postboks 61
4349 Bryne

Telefon: 51 48 47 44
Telefax: 51 48 26 66
E-post: rektor@jaertun.no
Internett: www.jaertun.no

Gateadresse:
Kong Haakonsveg 4
4340 Bryne

3. Vanleg lovarbeid

Ynskjer regjeringa å endra lovgjevinga på friskuleområdet, er det mest ryddig, forutsigbart og respektabelt å bruka dei vanlege prosedyrane rundt lovarbeid i landet vårt.

Dette fremjar både tryggleik for aktuelle partar, viser at departementet har respekt for samfunnsaktørane og hindrar at respekten for lovgjevar vert nedbroten.

4. Forventningar / signal om ei ny sakshandsaming

For oss ser det ut til at måten departementet i denne saka grip lovarbeidet an, varslar ei ny departemental sakshandsaming i lovsaker. For å endra ei lov ein ikkje tykkjer er god, vil ein innføra ei unntakslov i påvente av den nye lova. I tillegg vert den nye lovendinga varsla utan forvarsel i ein pressekonferanse.

Også dette tykkjest vera ei uheldig utvikling. Er det på denne måten ein kan venta at ulike regjeringar vil arbeida i tida som kjem?

5. Kriterium for å trekkja attende godkjenning iflg. friskolelova § 7-2

Alle som arbeider med og i friskulane i landet vårt er opptekne av dei juridiske rammene friskulane til ei kvar tid har. Særleg er friskulelova aktuell. § 7-2 regulerer saksfeltet om straffetiltak mot skular som set seg ut over godkjenning, lover og forskrift.

For dei skulane som etter forslaget får trekt sine godkjenningar, har ikkje departementet dokumentert noko av dette. Me meiner difor dei ikkje kan få trekt sine godkjenningar tilbake. At dei ikkje er komne i gang i høve til ein vilkårleg dato i desember 2005, er ikkje eit kriterium i lova. Det er heller ikkje noko som ein logisk kunne forventa eller sett fram til.


6. Foreldrerett

Norge har forplikta seg til å overhalda internasjonale konvensjonar. Ein kan ikke med ei midlertidig lov setja desse ut av kraft. At ikkje foreldre som ynskjer det skal kunna oppretta alternative skular, kan ikkje akseptrast. I Norge har det også vore slik at denne foreldreretten ikkje berre har vore fiktiv og/eller berre for dei med mange pengar. Ein har prioritert å gjera han reell. Dette er gjort ved at det har vore ei viss off. finansiering av friskular som tilfredsstillar ein del krav styresmaktene har sett.

Konkret i denne saka har skular brukt fleire år på å tilfredsstillar krav styresmaktene har sett for godkjenning. Ved ei lov som trekkjer attende godkjenningar før skulen har starta opp og ved å utsetja handsaming av innkomne søknader, legg ein opp til ein situasjon der foreldreretten ang. undervisning i røynda ikkje er til stades i Norge i fleire år.

At regjeringa, etter sin ideologi, tykkjer at noverande lov ikkje fungerer tilfredsstillande, kan ikkje medføra at basale rettar til innbyggjarane vilkårleg vert sett til sides.

Vennleg helsing
Jærtun Lutherske Friskule


Finn-Widar Knutzen
Rektor